



## Notat

Dato: 19.08.2015  
Arkivsak: 2014/21640-3  
Saksbehandlar: gurkje

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Tillegg til sak "Pedagogisk arkitektur"

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møtet i Opplærings- og helseutvalet 18.08.15, der representanten Bjørnar Hamre (V) sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Ber om at administrasjonen fram mot behandling i fylkesutvalet vurderer å komme med eit forslag til krav til toalettfasilitetar til elevane der ein tar omsyn til at elevar er ulike, for eksempel med omsyn til livssyn, handikap og LHBT. Blant anna vurdere unisex-toalett, kjønnsdelte handikaptoalett og toalett med heildekkande vegg».

Fylkesrådmannen har vurdert ovannemnde innspel og føreslår at følgjande vert teke inn i dokumentet som tillegg:

*Nye skuleanlegg i Hordaland skal byggast etter Tek10. I Tek10 ligg det klare føringar for kor mange toalett det skal vere per elev og per tilsett. Tek10 seier også korleis toaletta skal utformast.*

*I gamle bygg som skal rehabiliterast, kan det vere vanskeleg å følgje Tek10. I slike tilfelle prioriterer ein HCWC. Det blir bygt minst eitt HCWC i kvar etasje. HCWC blir også prioritert i garderober der det er trangt om plassen.*

*I nye skuleanlegg er brukarutvala med på å kvalitetssikre plassering og utforming av toaletta. Jamfør siste pågåande prosjekt: Nye vidaregåande skular på Voss. Brukarutvala er breitt samansette grupper frå ulike fag. Alle grupper tilsette er representert. Elevane er også aktivt med i egne grupper.*